



**KONTROLLUTVALET I
AUKRA KOMMUNE**

Eigenevaluering av kontrollutvalet sitt arbeid

Valperioden 2015 – 2019

1. Innleiing

Valperioden 2015 – 2019 nærmar seg slutten. For å kunne summere opp eiga verksemd og for å kunne gje det påtroppande kontrollutvalet ei god innføring til sitt arbeid, ønskjer kontrollutvalet å gje ein evaluering av sitt eige arbeid i valperioden.

2. Om kontrollutvalet, mandat og samansetjing

Kontrollutvalet vert vald av kommunestyret og skal på vegne av kommunestyret føre det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga. Alle kommunar og fylkeskommunar er pliktig til å velje eit kontrollutval. Kontrollutvalet skal ha sekretærbistand i sitt arbeid og kommunestyret skal i medhald av kommunelova sørgje for dette.

2.1 Kontrollutvalet si samansetjing i perioden

Kontrollutvalet i Aukra kommune har for perioden 2015 – 2019 følgjande samansetjing:

Funksjon	Namn	Parti	Varamedlemmer	Nr	Namn	Parti
Leder	Oddvar Hoksnes*	Krf		1	Jørgen Svenheim	Sp
Nestleder	Ole Rakvåg*	H		2	Oddmund A. Varhaugvik	Krf
Medlem	Wilhelm Andersen	Ap		3	Øyvind Solem	Ap
Medlem	Oddbjørg Sporsheim	V				
Medlem	Håkon Inge Sporsheim	Frp				

* medlem av kommunestyret.

Bjørge Hukkelberg (Ap) fekk i kommunestyremøte 13.12.2016 fritak frå vervet som medlem i kontrollutvalet for resten av perioden 2015-2019.

Wilhelm Andersen vart valt som nytt medlem i kontrollutvalet. Oddmund Varhaugvik vart valt som 2. varamedlem og som nytt 3. varamedlem vart valt Øyvind Solem.

2.2 Rammer for utvalet sitt arbeid

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ, kor deira mandat har grunnlag i kommunelova si føresegn om internt tilsyn og kontroll § 77:

Kontrollutvalet sine oppgåver er i utgangspunktet gitt i kommunelova § 77, og i forskrift om kontrollutval av 15.06.2004, men kommunestyret kan konkret be utvalet utføre særskilte tilsynsoppgåver på sine vegne. Kontrollutvalet si hovudoppgåve er å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet skal ifølge kommunelova sørgje for at følgjande oppgåver blir utført:

- Rekneskapsrevisjon – sjå til at kommunen sine rekneskap reviderast på ein trygg måte, gje uttale om årsrekneskaper og sjå til at revisor sine merknader til årsrekneskaper blir følgt opp.
- Forvaltningsrevisjon –basert på ei overordna analyse utarbeide plan for forvaltningsrevisjon, rapportere resultatane frå forvaltningsrevisjonsprosjekt til kommunestyret og følgje opp tilrådingane.

- Gransking eller undersøkingar – på eige initiativ eller etter vedtak i kommunestyret, ta tak i forhold som kan oppfattast som uønskt eller i strid med mål om ei effektiv og forsvarleg forvaltning av kommunen sine ressursar.
- Selskapskontroll – utarbeide plan for selskapskontroll og føre kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap.
- Val av revisjonsordning – kontrollutvalet gjev innstilling om val av revisjonsordning til kommunestyret og eventuelt innstiller på val av revisor.
- Budsjett – utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen

Innan desse rammene skal kontrollutvalet utøve tilsynsrolla på vegne av kommunestyret, for å bidra til god tenestekvalitet, effektiv ressursutnytting og å sikre at politiske vedtak blir følgt opp.

Reglement for kontrollutvalet

Det er vedtatt eit eige reglement for kontrollutvalet. Retningslinene vart vedteken i k-sak 71/11 i møte den 22.09.2011. Reglementet vart revidert i sak 75/15, 17.9.2015.

Reglementet gir retningsliner for samansetjing av utvalet, sakshandsaming, ressursar og oppgåver.

2.3 Kontrollutvalet sine ressursar

Sekretariat

Forskrifta fastslår at utvalet skal ha sekretariatsbistand tilpassa deira behov. Kontrollutvalet har sekretariatsbistand frå Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal. Sekretariatet vart etablert i 2005 etter vertskommunemodellen med Molde kommune som vertskommune. I 2013 vedtok medlemskommunane å endre organisasjonsforma for sekretariatet til eit Interkommunalt Samarbeid (IS) etter kommunelova § 27 som eit eige rettssubjekt. Samarbeidet vart oppretta med verknad frå august 2013.

Sekretariatet skriv saksframstillingar, støttar kontrollutvalet med praktisk tilrettelegging og oppfølging av møter, samt vedtaksoppfølging. Sekretariatet er bindeledd mellom utval, revisjonsselskap, og administrasjon og utfører oppgåver på vegne av kontrollutvalet.

Revisjon

Revisjonsordninga skal vere tilpassa kommunestyret sitt tilsynsbehov, behov for oppfølging av særskilte vedtak, kompetansenivået i kommunen og kommunen si eigen organisering og internkontroll.

Ved starten av valperioden var Aukra kommune medeigar i og hadde avtale om levering av revisjonstenester frå Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal. Selskapet vart etablert i 1993 og leverte revisjonstenester til Aukra kommune samt 8 andre kommunar i Romsdal og på Nordmøre.

Våren 2015 fatta Aukra kommunestyre vedtak om å velje Møre og Romsdal Revisjon IKS som revisor for kommunen. Selskapet vart stifta etter vedtak i Møre og Romsdal fylkeskommune og dei 17 kommunane på Nordmøre og Romsdal. Av ulike årsaker vart etableringa forseinka og det nye

selskapet var først i drift frå februar 2017. Selskapet har sidan då levert revisjonstenester til kommunen.

Kommunestyret delegerte til kontrollutvalet ansvar for å inngå ein oppdragsavtale med Møre og Romsdal Revisjon IKS, som regulerer dei tenestene som selskapet leverer.

I starten fordelte revisjonsselskapet ressursane sine i forhold til årleg honorar som vart betalt av medlemskommunane. Frå 1.1.2019 gjekk selskapet over til honorar etter medgått tid.

Selskapet har utført rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for kommunen. Til rekneskapsrevisjon vert nytta det timetalet selskapet kvart år finn nødvendig for å kunne stadfeste kommunen sin årsrekneskap. Ressursane til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vert brukt på bakgrunn av kontrollutvalet sine bestillingar av prosjekt, basert på plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll vedtatt av kommunestyret

Økonomi

Kontrollutvalet utarbeider et forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommune eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjettramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapet/skommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget.

Forskrift om kontrollutvalg, kapittel 7 §18

Kontrollutvalet har kvar haust lagt fram eit forslag til budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet i kommunen. I dette budsjettet har inngått kostnader knytt til utvalet sjølv, sekretariatstenester og revisjonstenester. Budsjettet har fordelt seg slik:

2015	kr 564 700,-
2016	kr 572 000,-
2017	kr 570 000,-
2018	kr 563 500,-
2019	kr 968 500,-

Auken i budsjettet for 2019 skuldast auke i revisjonskostnader, då revisjonen gjekk over til fakturering etter medgått tid. Beløpet for 2019 er stipulert ut frå forbruk i 2018.

3. Arbeid i utvalet

3.1 Møter

Det har gjennom perioden vore halde 5-6 møter pr. år. Møtefrekvensen er tilpassa utvalet sin aktivitet og i forhold til omfanget av saker som har vore handsama. Kontrollutvalet sine møter er i hovudsak lagt til kommunehuset.

Utvalet har vore oppteken av å vere ein synleg del av organisasjonen og å halde seg oppdatert på kva som rører seg innan dei ulike verksemdsområde. Ved mange av kontrollutvalet sine møter har det vore gitt orienteringar frå administrasjonen knytt til ulike verksemdsområde i kommunen. Informasjon frå dei som arbeider i kommunen og som kjenner forholda best er vurdert som spesielt viktig for kontrollutvalet. På den måten har utvalet fått førstehands kunnskap og føresetnader for å gjere jobben dei er satt til.

Utvalet har i valperioden hatt følgjande orienteringar som alternativ til verksemdbesøk:

- Eining for innvandring og integrering (2016)
- Orientering om organisering og leing av utbyggingsprosjekt i Aukra kommune (2016)
- Barnevernstenesta for Molde, Aukra, Midsund og Eide (2017)

- Barnevernstenesta for Molde, Aukra, Midsund, Eide og Vestnes (2019)
- Utanforskap (2019)
- Informasjonstryggleik (2019)

3.2 Saker

Ein stor del av kontrollutvalet si sakshandsaming omfattar forhold dei er pålagd å arbeide med gjennom krava i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kva fokus som veljast i dei ulike arbeidsoppgåvene, er i stor grad opp til utvalet sjølv å definere. Gjennom forvaltningsrevisjonar er det internkontroll og rutinar i kommunen som peiker seg ut som det området som har fått størst merksemd, sjå eiget avsnitt om gjennomførte forvaltningsrevisjonar i perioden. Kontrollutvalet har i tillegg hatt fokus på Fylkesmannen sine tilsynsrapportar og kommunen si oppfølging av desse.

Kontrollutvalet si sakshandsaming er samanfatta i eit årshjul (Arbeidsplan). Det er eit visst mønster frå år til år, når det gjeld kva for slag saker som kjem opp til handsaming.

I tillegg til dei kjente saksområda, hender det at utvalet får førespurnader frå innbyggjarane eller tilsette i kommunen, som rører ved områder som kan være innanfor kontrollutvalet sitt myndigheitsområde. Slike førespurnader handsamast seriøst uavhengig om det er eit forhold som blir undersøkt vidare, eller at kontrollutvalet finn at dette ikkje er ei sak som høyrer til deira funksjon å sjå på.

Utvalet har i perioden bla motteke handvendingar knytt til:

- Rutinar for Norges Vells medalje
- Evaluering av løysingsforlaga for Aukra omsorgssenter
- Tilsetjingsrutinar
- Korleis fungerer AMU i Aukra kommune
- Arbeidsmiljøet ved Aukraheimen
- Innkrevjing av gebyr ved Aukra legekontor
- Manglande institusjonsplass
- Mitt første møte med elderomsorgen i Aukra kommune.

Kontrollutvalet har gjennom valperioden gått gjennom store deler av kommunen si verksemd og handsama 46 saker i 2015, 41 saker i 2016, 38 saker i 2017, 39 saker i 2018 og 31 saker så langt i 2019 (siste møte for det sittande kontrollutvalet er 25.9.2019).

3.3 Deltaking i relevante fora

For å halde seg oppdatert om informasjon som er aktuell for utvalet si oppgåveløysing, deltek medlemmene på konferansar og samlingar, når det vert vurdert som relevant og mogeleg. Det har vore vanleg at utvalet årleg har vore representert på:

- Nasjonal konferanse for kontrollutval i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF).
- Årsmøte og fagkonferanse Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

Aukra kommune er medlem i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) og utvalsmedlemmer har deltatt på årsmøta til FKT som arrangerast i samband med nasjonal fagkonferanse.

I tillegg har det i perioden vore arrangert årlege fagsamlingar for kontrollutvals- og varamedlemmer i dei 9 medlemskommunane som er knytt til Kontrollutvalgssekretariatet for

Romsdal. Samlingane har hatt tema som er aktuelle for kontrollutvalsmedlemmer. Til dømes; Arbeid i kontrollutvalet, kommuneøkonomi og habilitet.

4. Rekneskapsrevisjon

”Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte,(...)

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget.

Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.”

Forskrift om kontrollutvalg, kapittel 4

Kontrollutvalet handsamar saker om rekneskapsrevisjon på fleire måtar gjennom året. Det er etablert rutinar for orienteringar frå oppdragsansvarleg revisor i samband med at det vert avlagt revisjonsmelding og anna rapportering.

I tillegg til å gje uttale årsrekneskapen, gjev kontrollutvalet si fråsegn til Aukra kommune sine investeringsrekneskap før dei vert sendt over til kommunestyret for behandling. Utvalet følgjer også den økonomiske utviklinga gjennom året ved gjennomgang av tertialvise rekneskapsrapportar som rådmannen gjev til kommunestyret.

Utvalet har i perioden gjeve uttale til følgjande investeringsprosjekt:

- **Gang sykkelveg Falkhytten-Horrem-Solem (2016)**
- **Tilbygg Bergtun, ny bueining (2016)**
- **Vassleidning Fræna-Hollingsholm (2016)**
- **Gjenbruk av skolebygg (2016)**
- **Vatn – utskifting av asbestsementrør Sanden-Hukelberg (2017)**

Revisjon av årsrekneskapen

Kontrollutvalet har gitt si fråsegn til kommunen sine årsrekneskap i valperioden som er framlagt for formannskapet og som har inngått som grunnlag for kommunestyret sine avgjersler når kommunestyret har vurdert om kommunen sin rekneskap skal godkjennast.

Kontrollutvalet har gjeve følgjande fråsegn til rekneskapen for Aukra kommune i valperioden:

2015: Sak 10/16: Aukra kommune sitt driftsrekneskap for 2015 viser kr 284 194 000,- til fordeling til drift, og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 14 795 000.-. Netto driftsresultat er positivt med kr 82 463 000.-. Årets bruk av disposisjonsfond i driftsrekneskapen er på 14,4 mill. kroner, medan overføringane til investeringsrekneskapet utgjer kr 0,- som er i samsvar med budsjett. Disposisjonsfondet pr. 31.12.15 er på kr 221 336 976.-. Av dette utgjer Fond for fastlandsløysing 117,6 mill. kroner, opplyser økonomisjefen.

Mange av einingane har hatt mindreforbruk, men nokre av einingane har hatt utfordringar med å halde budsjettet i 2015.

Kontrollutvalet har merka seg at revisor skriv i sitt brev til kontrollutvalet at kommunen har hatt stor auke i utgifter dei seinare åra og har ei utfordring med å begrense utgiftene.

2016: Sak 13/17: Aukra kommune sitt driftsrekneskap for 2016 viser kr 261 753 000,- til fordeling til drift, og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 11 918 000.-. Netto driftsresultat er positivt med kr 142 023 000.-. Årets bruk av disposisjonsfond i driftsrekneskapen er på 8,6 mill. kroner, medan overføringane til investeringsrekneskapet

utgjer kr 0,- som er i samsvar med budsjett. Disposisjonsfondet pr. 31.12.16 er på kr 362 540 801.-. Av dette utgjer Fond for fastlandsløysing kr 203 850 630.-.

Nokre einingar har hatt mindreforbruk, og nokre einingar har hatt utfordringar med å halde budsjettet i 2016. Samla viser det økonomiske resultatet eit meirforbruk på 2 302 000.- på drift av tenestene.

2017: Sak 16/18: Aukra kommune sitt driftsrekneskap for 2017 viser kr 276 735 000,- til fordeling til drift, og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 467 000.-. Etter revisjonen si vurdering burde det vore gjort ein reduksjon med kr 3 448 013.- på grunn av endeleg avslag på tilskot frå IMDI Integrerings og mangfolds direktoratet og kr 2 234 562.- grunna manglande dokumentasjon av innvilga tilskot. Dette ville medført at ein ville gått frå eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 467 493.- til eit meirforbruk på kr 3 215 365.-. Netto driftsresultat er positivt med kr 120 941 000.-. Med endringa beskrive over, så ville netto driftsresultat blitt kr 115 258 403.-.

Etter revisjonen si meining er årsrekneskapen, med unntak av verknaden av forholdet som er beskrive i revisjonens melding under avsnittet «Grunnlag for konklusjon med forbehold», avlagd i samsvar med lov og forskrifter.

Kontrollutvalet konstaterer at revisjonen har tatt eit atterhald i si revisjonsmelding. Utvalet vil følge opp at rådmannen set i verk tiltak for å sikre naudsynt kvalitetssikring av informasjon frå einingane, slik at ein unngår forhold som tidlegare beskrive.

Utvalet vil også oppmode om at eininga Innvandring og integrering, blir beskrive på ein meir utfyllande måte i årsrapport og tertialrapportar, med oversikt over kva ramme eininga rår over det einskilde år, og bruk av ramme.

2018: Sak 17/19: Aukra kommune sitt driftsrekneskap for 2018 viser 293 823 mill. kroner,- til fordeling til drift, og eit rekneskapsmessig meir/mindreforbruk på kr 0.-. Netto driftsresultat er på 135 221 mill. kroner.

Årets bruk av disposisjonsfond i driftsrekneskapen er på 5,4 mill. kroner.

Disposisjonsfondet pr. 31.12.18 er på kr 524 792 000.-. Av dette utgjer Fond for Fastlandsløysing kr 439 900 649.-.

Nokre einingar har hatt mindreforbruk, og nokre einingar har hatt utfordringar med å halde budsjettet i 2018, men det er ikkje store avvik i forhold til endeleg budsjett.

Utvalet er nøgd med at administrasjonen har tatt tak i dei tilbakemeldingane revisjonen gav knytt til årsrekneskapen 2017.

5. Forvaltningsrevisjon

”Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.”

Forskrift om kontrollutvalg, kapittel 5

Kontrollutvalet skal utgreie behovet for, planleggje og bestille forvaltningsrevisjonar i kommunen og resultatata frå arbeidet skal rapporterast til kommunestyret.

Det er utarbeidd **Overordna analyse -Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2019** som vart handsama av kontrollutvalet i møte 15.9.2016, sak 22/16 og endeleg vedteke av kommunestyret i møte 11.10.2016 i K sak 77/16.

Arbeidet med forvaltningsrevisjon har vore høgt prioritert i heile utvalsperioden. Kontrollutvalet har gjort mange vurderingar og hatt drøftingar for å finne gode arbeidsmetodar både i prioritering av prosjekt, samarbeid med revisjonsselskapet og i samband med handsaming av avlagte rapportar.

Frekvensen for utarbeiding av planer for forvaltningsrevisjon skal i medhald av kommunelova vere minimum ein gong i kvar valperiode. Aukra kommune har hatt rutinar for utarbeiding av slike planer, samt at det blir tatt ein gjennomgang av plana som er vedteken i samband med nye bestillingar.

Kontrollutvalet har hatt dialog med den politiske og administrative leiinga undervegs i prosessen med utforminga av plan for forvaltningsrevisjon og tatt med seg konstruktive innspel til planlegginga av forvaltningsrevisjonsarbeidet.

Ved bestilling av dei enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekta har utvalet lagt mykje arbeid i å få innretta bestillingane slik at dei skal ha fokus på dei forholda utvalet meiner er viktig. Samarbeidet og dialogen med revisor har vært av stor betydning.

Alle forvaltningsrevisjonar vert systematisk lagt fram for kontrollutvalet etter kvart som dei er ferdige. Alle rapportane er sendt vidare til kommunestyret for endeleg vedtak. Etter kommunestyret si handsaming og vedtak, er rapportane følgt opp med tanke på å sjå til at vedtaka blir realisert og arbeidd vidare med i administrasjonen.

5.1 Gjennomført forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet har i valperioden handsama oppfølging av 1 tidlegare rapport og 3 nye forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Sak 31/14: **Kvalitet i sykehjemstjenester i Aukra kommune**

Funn: Forvaltningsrevisjonsprosjektet avdekkja noen forbettringspunkt. Dei forhold som revisjonen trakk fram som anbefalingar var:

1. Aukra kommune bør sikre tilstrekkeleg bemanning ved Aukraheimen.
2. Aukra kommune bør vidareføre arbeidet med å sikre at personalet ved Aukraheimen har tilstrekkeleg kompetanse.
3. Aukra kommune bør sikre at alarm- og telefonsystem ved Aukraheimen fungerer tilfredstillande.
4. Aukra kommune bør vidareføre og intensivere kvalitetsarbeidet ved Aukraheimen.

Oppfølging: Revisjonen konkluderte i sitt oppfølgingsbrev av 13.11.2015 at det vert henta inn oppdatert informasjon om oppfølging av anbefaling nr. 1 og 2. og anbefaler kontrollutvalet å halde seg orientert om utvikling innanfor følgjande områder:

- **å sikre tilstrekkeleg bemanning ved Aukraheimen**
- **å føre vidare arbeidet med å sikre at personalet ved Aukraheimen har tilstrekkelig kompetanse**

Kontrollutvalet valde å be revisjonen om å innhente og vurdere oppdatert informasjon som vart lagt fram i kontrollutvalet sitt møte i juni 2016. **Kontrollutvalet konkluderte med at det ikkje er behov for meir oppfølging og avslutta saka.**

Sak 24/15: **Forvaltningsrevisjonsrapport Informasjonssikkerhet i Aukra kommune.** Det var 10 tilrådingar i rapporten som kommunestyret fatta vedtak om at rådmannen skulle følgje opp:

1. Aukra kommune bør sikre at det utarbeidast sikkerheitsmål og sikkerheitsstrategi for informasjonssikkerheit og implementere dette i eigen organisasjon.
2. Aukra kommune bør klargjere arbeidsdeling gjeldande informasjonssikkerheit med ROR-IKT.
3. Aukra kommune bør utarbeide oversikt over personopplysningar som handsamas i kommunen. Oversikta bør gjerast kjend for dei med ansvar for informasjonssikkerheit og aktuelle tilsette i organisasjonen.
4. Aukra kommune må utarbeide rutinar for sikkerheitsrevisjon og gjennomføre jamleg sikkerheitsrevisjonar.
5. Aukra kommune bør utarbeide og implementere rutinar for melding om avvik frå føresegn om informasjonssikkerheit. Leiinga bør formidle klare forventningar om at det meldast avvik knytt til informasjonssikkerheit.
6. Aukra kommune bør utarbeide oppdatert organisasjonskart i forhold til behandlingsansvaret etter personopplysningsloven og gjennom dette tydeleggjere ansvarslinene knytt til informasjonssikkerheit.
7. Aukra kommune bør gjennomgå og revidere tiltak som er innført for å hindre uautorisert bruk av informasjonssystema. Aukra kommune bør innføre system som sikrar at alle tilsette jamleg går gjennom desse tiltaka.
8. Aukra kommune bør utarbeide dokument som tydeleggjer tiltak som skal hindre uautorisert innsyn. Vidare bør det utarbeidas system som sikrar implementering og vedlikehald av slik kunnskap.
9. Aukra kommune bør gjennomgå og revidere tiltak som skal hindre uautorisert endring av personopplysningar. Aukra kommune bør innføre system som sikra at alle tilsette jamleg får vedlikehalde og oppdatere kunnskap om dette.
10. Aukra kommune bør endre praksis gjeldande post der mottakaren sitt namn er angitt før kommunenamn. Slik post skal sendast uopna til namngitt mottakar.

Oppfølging: Kontrollutvalet tok administrasjonen si oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet «**Informasjonssikkerhet i Aukra kommune**, medrekna revisjonen si vurdering av kommunen si oppfølging datert 24.1.2017, til orientering.

Revisjonen skriv til kontrollutvalet at dei registrere at hovudtyngda i arbeidet med å følgje opp forvaltningsrevisjonsprosjektet er gjennomført. Revisjonen hadde forståing for at arbeidet måtte gjennomførast over tid. Kontrollutvalet ønska å følgje opp attståande arbeid med å implementere rutinar, inngåing av databrukaravtalar og avvikshandtering. Til møte 1/2018 hadde kontrollutvalet bede rådmannen om status for attståande arbeid. Utvalet fekk ei skriftleg tilbakemelding, samt munnleg orientering i møte frå rådmann og servicesjef Aaslaug Søreide. Utalet uttrykte at det var viktig at rådmannen følgjer opp at dei einingane som ikkje har gjennomført risikoanalyse og internkontroll gjennomfører dette. **Kontrollutvalet avslutta oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet i 2018**, men har ført opp **Informasjonssikkerheit** som eit tema på utvalet si oppfølgingsliste. Kontrollutvalet ønskjer å følgje temaet informasjonssikkerheit vidare, då dette generelt vert opplevd som eit risikoområde med det fokus som er på digitalisering i kommunane. Kommunen har etter at forvaltningsrevisjonsprosjekt på området vart gjennomført i 2015 utarbeidd rutinar og retningslinjer, som kontrollutvalet ønskjer å følgje opp at vert implementert i heile organisasjonen. Kommunane står og føre store utfordringar med innføring av ny personvernforordning (GDPR).

Sak 10/18: **Forvaltningsrevisjonsrapport «Aukra kommune – Offentlige anskaffelser**
Prosjektet vart endeleg handsama av kommunestyret i møte 17.4.2018 i k-sak 29/18.

1. Aukra kommunestyre tar forvaltningsrevisjonsrapporten **Aukra kommune – Offentlige anskaffelser** til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar:

Tiltak for etterleving av regelverket

- Aukra kommune bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon får skriftleg fullmakt med beløpsgrense.
- Aukra kommune bør sikre at tilsett med bestillarfunksjon får naudsynt opplæring i regelverket om offentlege anskaffingar. Den opplæring som vert gitt bør dokumenterast.
- Aukra kommune bør sikre at alle innkjøp/anskaffingar blir kontrollert.
- Aukra kommunestyre ber om at forslaget frå Katrine Rindarøy vert innarbeidd i retningslinjer og regelverk mot sosial dumping i byggeprosjekt, jamfør «Telemarksmodellen» som er utarbeid av Telemark fylkeskommune

Anskaffingar etter regelverket

- Kommunen bør sikre at alle anskaffingar inntil 100 000 også blir gjort med konkurranse ved at det blir henta inn tilbod frå fleire tilbydarar.
- Kommunen sitt innkjøpsreglement bør oppdaterast i forhold til beskriving av EØS sine terskelverdiar og det nye regelverket frå 1.1.2017.
- Aukra kommune bør dokumentere anskaffingsprosessane og utarbeide protokoll der det er krav om dette etter regelverket.
- Kommunen bør følgje opp sine reglar om saksdokumentasjon knytt til ei kvar anskaffing under alle fasar av anskaffinga, skal oppbevarast samla, systematisk ordna i eit tenleg arkivsystem.
- Kommunen bør sikre at det blir tatt omsyn til miljømessige konsekvensar under planlegging av kvar enkelt anskaffing

Bruk av rammeavtalar

- Kommunen bør sikre at alle tilsette med bestillarfunksjon veit kvar dei kan finne rammeavtalar og at dei blir oppmoda til å bruke desse ved bestilling av forbruksmateriell.
- Aukra kommune bør styrke opplæringa i e-handel og oppmode dei som bestiller til å bruke e-handel ved innkjøp av forbruksvarer.

Organisering av området

- Aukra kommune bør vurdere om organisering av innkjøpsområdet er tenleg, under dette tal på personar med bestillarfunksjon.

Oppfølging: Rådmannen sin plan for oppfølging av tilrådingane vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 14.6.2018, sak 21/18. Kontrollutvalet fatta følgjande vedtak:

Kontrollutvalet er tilfreds med det arbeidet som så langt er gjort.

Kontrollutvalet ser med interesse fram til å motta ein statusrapport for arbeidet til første kontrollutvalsmøte i 2019.

Økonomisjef Erna Varhaugvik gav i møte 25.2.2019 utvalet ein statusrapport for arbeidet med å følgje opp tilrådingane. Innkjøpsreglementet er no i tråd med regelverket. Det er ikkje funne ei løysing for organisering av innkjøpsområdet enno. Det vert påpeika at det også er behov for ei rolleavklaring mot ROR-innkjøp. Varhaugvik gjev uttrykk for at det er avsett lite ressursar i Aukra kommune til å følgje opp eit så tungt område. Organisasjonsforma som kommunen har valt er krevjande, noko som også speglar seg att på dette området. Kontrollutvalet ønskjer å følgje med på arbeidet vidare.

Sak 23/19: Forvaltningsrevisjonsrapport «Brukermedvirkning innen pleie og omsorg»

Utvalget bestilte prosjektet i sak 03/19, 25.2.2019. Brukarmedverking er ikkje eit tema som ut frå risiko- og vesentlegvurderinga er særleg aktuelt for forvaltningsrevisjon i perioden, men det er tatt med i plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019 som eit tema som kan vere aktuelt. Revisjonen skriv i den overordna analyse at «*Brukerinvolvering og brukerperspektivet er fortsatt dårlig ivaretatt i mange kommuner.*».

Utvalet valde å bestille prosjekt ut frå ei vurdering av ein risiko som viste seg i løpet av valperioden.

Utvalet bad revisjonen å ta utgangspunkt i følgjande problemstillingar ved utforming av prosjektplanen:

- Får pasient og brukarar medverke til gjennomføring av helse og omsorgstenestene dei mottok, og vert tenestetilbodet utforma i samarbeid med pasient, brukar og pårørande?
- Har kommunen eit system for å innhente erfaringar frå brukarar, pasientar og pårørande av helse og omsorgstenester i kommunen?
- Blir erfaringar frå brukarar og pårørande brukt til å planlegg og forbetre helse- og omsorgstenestene i Aukra kommune?

Prosjektplan vart handsama i sak 11/19, 1.4.2019. Kontrollutvalet har 6.9.2019 fått oversendt Forvaltningsrevisjonsrapport «Brukermedvirkning innen pleie og omsorg». Rapporten skal behandlast av kontrollutvalet i siste møte denne perioden, 25.9.2019. Revisjonen kjem med følgjande tilrådingar i rapporten:

- Kommunen bør ha mer fokus på brukermedvirkning mot tjenesteyterne. De ansatte bør bli minnet om hvor de skriftlige prosedyrene er lagret og hva som er kommunens strategi for hvordan brukermedvirkning skal gjennomføres under den daglige utførelsen av tjenesten.
- Kommunen bør vurdere om det er mer de kan gjøre for at brukere og brukerorganisasjoner skal bli gitt enda mer medbestemmelse, i saker som ser ut til å være viktig for dem. Slik som at beboerne er for passive, beboere bør få mulighet til å være med på aktiviteter og underholdning. De savner også mer oppmerksomhet fra pleierne.
- Revisjonen anbefaler at Aukra kommune etablerer et system for innhenting av pasienters og brukeres erfaring og synspunkter. Det vil være nyttig for kommunen å gjennomføre brukerundersøkelse i pleie- og omsorg jevnlig, for eksempel annethvert år.
- Aukra kommune bør sikre at erfaring fra brukere, som er innhentet på systemnivå gjennom brukerundersøkelser, blir brukt til etterarbeid som har mål om å videreutvikle og forbedre tjenestene.

Utvalet tilrår at det nye kontrollutvalet har ei vidare oppfølging av desse forvaltningsrevisjonsprosjekta.

5.2 Granskingar eller undersøkingar

Kontrollutvalet kan på eige initiativ eller etter oppmodning frå kommunestyret gjennomføre granskingar eller undersøkingar. Dette har ikkje vore ein sentral del av utvalet si verksemd i valperioden, då dei fleste større undersøkingar er organisert som ordinære og planmessige forvaltningsrevisjonar.

Utvalet har ikkje gjennomført nok eigne undersøkingar på området, men vil likevel nemne nokre saker som i stor grad har opptatt kontrollutvalet. Utvalet har fått fleire orienteringar både frå arbeidsgjevar- og arbeidstakersida.

- **Arbeidsmiljøutvalet AMU** – Kontrollutvalet merka seg, i Aukra kommune sin årsrapport for 2016, at AMU i 2016 ikkje hadde møter og at AMU i 2015 berre hadde 2 møter og 4 saker. Kontrollutvalet hadde difor i fleire møter i 2017 og 2018 hatt dialog med både arbeidsgjevar og arbeidstakersida om korleis ein skal få dette utvalet til å fungere. Det vert no gjennomført AMU møter. Det er frå rådmannen si side opplyst at leiinga har fått ansvar for å melde inn saker, og einingane har fått ansvar for å involver seg meir. Kontrollutvalet gav tilbakemelding om at dei forventar at det vert sett inn

ressursar både frå leiinga og dei tilsett på å få arbeidsmiljøutvalet til å fungere, men det vert understreka at hovudansvaret ligg hos leiinga.

- Utvalet mottok i 2017 signal på at det er **arbeidsmiljøutfordringar ved Aukraheimen**. Kontrollutvalet har etter dette fått fleire orienteringar og har halde seg orientert om resultatet av arbeidsmiljøundersøkinga som Administrasjonsutvalet bestilte frå bedriftshelsetenesta i 2017. Kontrollutvalet har gitt uttrykk for at det er viktig å få opp i dagen utfordringane og at partane set seg ned saman og tek tak i desse. Kontrollutvalet synes det er positivt at det no er oppretta eit eige AMU ved institusjonstenestene og at verneombod er kome på plass. Når ein har på plass formelle strukturar som AMU og verneombod, så har ein eit apparat til å handtere utfordringar før dei utviklar seg.

6. Selskapskontroll

”Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll.”

Forskrift om kontrollutvalg, kapittel 6

Det er utarbeidd **Overordna analyse - Plan for selskapskontroll 2016 – 2019** som vart handsama av kontrollutvalet i møte 15.09.2016, sak 23/16 og endeleg vedteke av Aukra kommunestyre 11.10.2016 i K sak 76/16.

Gjennomføring av eigarskapskontroll føreset at kommunen har utarbeidet eigarskapsmelding (retningslinjer for forvaltning av kommunen sine interesser i selskap samt eigarstrategiar for kvart enkelt selskap). Aukra kommune har utarbeidet eigarskapsmelding del I som vart vedtatt av kommunestyret 31.03.2011.

Gjennomføring av eigarskapskontroll føreset at kommunen har utarbeida eigarskapsmelding (retningslinjer for forvaltning av kommunens interesser i selskap samt eigarstrategiar for kvart enkelt selskap). Eigarskapsmelding for Aukra kommune vart vedteke av kommunestyret i møte 31.03.2011 i K-sak 21/11 og revidert i K-sak 80/16.

Kontrollutvalet har ikkje vorte varsla om at det er halde representantskapsmøter i interkommunale selskap (IKS) eller generalforsamlingar i kommunalt heileigde aksjeselskap (AS).

Etter kommunelova § 80 skal kontrollutvalet og kommunen sin revisor varslast og har rett til å være tilstades på selskapa si generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarande organ.

Kontrollutvalet har i perioden ikkje gjennomført nokon selskapskontroll, men i utvalet sitt møte 8.5.2018, fekk kontrollutvalet ei orientering frå **Molde og Romsdal Hamn IKS**. Orienteringa vart gjeve av Olav Akselvoll, havnedirektør og Dagrún K. Stakvik, økonomileiar i selskapet.

Det vart gjeve orientering om følgjande:

- Generell informasjon om verksemda til selskapet
- Økonomien i selskapet

- Informasjon om forhold som særskilt er knytt til Aukra kommune.

7. Påsjåansvar overfor revisjon

”Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.”

Forskrift om kontrollutvalg, kapittel 3

Med bakgrunn i å vere folkevalte lekfolk, utan nokon revisjonsfagleg bakgrunn, opplevast det utfordrande å ha ansvar for at kommunen har ein god revisjonsordning.

Når det gjelder rekneskapsrevisjonen gir kontrollutvalgsforskrifta meir innhald til kva som ligger i omgrepet forsvarleg revisjonsordning:

”Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruksjer, eller avtaler med revisor.”

Forskrift om kontrollutvalg § 6

For forvaltningsrevisjon og selskapskontroll seier ikkje kontrollutvalgsforskrifta noko bestemt om kva for slags kvalitetskrav som skal leggjast til grunn for arbeidet. Forskrift om revisjon peiker likevel på at :

”Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standarder på området, og det skal etableres revisjonskriterier for det enkelte prosjekt”

Forskrift om revisjon § 7

Det er i forskrifta fastsett formelle krav som skal stillast til valt revisor, medrekna krav til utdanning, vandel, sjølvstende og objektivitet. Desse forholda kviler det eit ansvar på revisor å dokumentere, og det er etablert rutinar for at dette skjer.

Det som kan opplevast som ei større utfordring er å følgje med på at innhaldet i revisjonsarbeidet skjer på ein tilfredsstillande måte, og finne gode ordningar for korleis utvalet kontinuerleg kan vere oppdatert og vere trygg for at revisjonsordninga er tilfredsstillande.

Kontrollutvalet i Aukra har inngått ein oppdragsavtale med Møre og Romsdal Revisjon IKS, for høvesvis rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet i Aukra godkjente oppdragsavtalen med MRR i møte 20.11.2017, sak 34/17.

I avtalen vert det føreset bl.a. at revisjonen skal legge til rette for at kontrollutvalet kan oppfylle sitt ansvar for tilsyn med revisjonen. I dette ligg det at revisjonen skal rapportere til kontrollutvalet frå sitt arbeid og ha eit kvalitetssystem i samsvar med lov og revisjonsstandardar.

For å følgje opp sitt ansvar slik det går fram av formelle krav i forskriftene og i dei omtalte avtalane, har kontrollutvalet lagt vekt på ein god dialog med revisor. Revisor skal gje kontrollutvalet informasjon om det løpende revisjonsarbeidet og enkeltprosjekt.

For forvaltningsrevisjon føregår dialogen i hovudsak knytt til prosjekt og knytt til førebuingar til plan for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har lagt vekt på at kommunikasjon med revisor skal bidra til at undersøkingane får det fokus utvalet ønskjer. Utover planlegging og

framlegging av prosjektplan og rapportar, deltek forvaltningsrevisor i møter på førespurnad frå utvalet.

Kontrollutvalet meiner å ha funne gode samarbeidsordningar og etablert rutinar som set utvalet i stand til å ha nødvendig informasjon om revisjonsarbeidet til å ha tryggleik for at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

I tillegg har kontrollutvalet hausten 2018, for første gang, handsama ein systematisk gjennomgang av revisjonen sitt arbeid. Denne vart gjennomført med bakgrunn i Norges kommunerevisors forbund sine rettleiarar «Kontrollutvalgets påseansvar for regnskapsrevisjon» og «Kontrollutvalgets påseansvar for forvaltningsrevisjon».

- **Vurdering av kontrollutvalgets tilsynsansvar for revisjon – revisjonsåret 2017.**

Ut frå gjennomgangen som vart gjort, vart det vurdert at revisjonsordninga som Aukra kommune har hadde revisjonsåret 2017, var forsvarleg.

Tilsvarande behandlar kontrollutvalet i møte 25.9.2019

- **Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for revisjon - revisjonsåret 2018.**

8. Erfaringar frå arbeidet i denne valperioden

8.1 Forholdet til politisk leiing

Kontrollutvalet utfører tilsynsfunksjonen på vegne kommunestyret, som har det overordna ansvaret for kontroll og tilsyn. Utvalet har gjennom heile perioden vore oppteken av å ha god dialog med den politisk leiinga og oppdatert kjennskap til kva som til kvar ein tid er kommunestyret sine behov. Ordføraren informerast ved kopi av innkallingar til kontrollutvalet sine møter. Ordførar har ved nokre høver delteke i kontrollutvalet sine møter. Det er å håpe at kommunestyret signaliserer dei ønskjer dei har med kontrollutvalet, slik at utvalet vert opplevd som deira eige organ og en ressurs for kommunestyret sitt tilsynsansvar. Saker frå kontrollutvalet vert løpande lagt fram for kommunestyret, anten det er rapporter frå gjennomførte forvaltningsrevisjonar, årsmeldingar, planer for selskapskontroll eller forvaltningsrevisjon eller andre saker.

8.2 Forholdet til administrativ leiing

Kontrollutvalet opplever å ha konstruktive relasjonar til administrativ leiing og stor nytte av dialogen om generelle forhold i kommunen og i samband med konkrete prosjekt og oppgåver. Administrasjonen gir informasjon og deltek i møter når kontrollutvalet ber om det og gir uttrykk for å ha forståing for kontrollutvalet si rolle og arbeid.

Utvalet har lagt vekt på å lytte til signaler frå administrasjonen, mellom anna ved å ha samtalar og å vere opne for innspel i arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon. På den måten har det framkome viktig kunnskap frå dei som kjenner organisasjonen best og ein har hatt høve til å avstemme oppfatningar rundt utfordringar og risiko i organisasjonen.

Kontrollutvalet har ansvar for oppfølginga av kommunestyret sine vedtak i kontroll- og tilsynssaker. I dei tilfella der vedtaka set krav til administrasjonen si oppfølging, overhaldast i stor grad fristar for oppfølging og rapportering. Administrasjonen synes å ha lojalitet til vedtaka.

Vedtaksoppfølginga er i hovudsak god og at administrasjonen si etterleving i kontroll- og tilsynssaker er i stor grad er tilfredsstillande.

8.3 Val av revisjonsordning. Val av revisor

Sommaren 2018 tok KomRev3 IKS kontakt med Møre og Romsdal Revisjon IKS for å diskutere om det var mogeleg å få til ei samanslåing av selskapa Ved årsskiftet 2018/2019 vedtok representantskapa i de to selskapa å slutta seg til konklusjonar og innstilling om å etabler eit samvirkeforetak; Møre og Romsdal SA. Det vart sendt ei tilråding til eigarkommunar/fellesnemnder om å stifte selskapet.

Med heimel i kommunelova § 78 nr. 3 og 4, er kontrollutvalet tillagt innstillingsretten i spørsmål om val av revisjonsordning og revisor.

Når ein kommune har gjort val av revisjonsordning, så vert det vanlegvis ikkje gjort ei ny vurdering av dette utan at det blir tatt initiativ til det. Sjølv om det ikkje var tatt noko initiativ til å vurdere ei anna revisjonsordning, så vurderte sekretariatet at det var naturleg at kontrollutvalet og kommunestyret fekk ei beskriving av dei ulike alternativa som var å velgje. Det var eit naturleg krysspunkt å gjere ei slik vurdering, når det var tatt initiativ til å etablere eit nytt revisjonsselskap.

Kontrollutvalet si tilråding

1. Aukra kommunestyret godkjenner at Aukra kommune held fram med revisjon i eigenregi.
2. Aukra kommunestyre vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for Aukra kommune, under føresetnad av at selskapet blir stiftet.
3. Kontrollutvalet inngår og godkjenner oppdragsavtaler med Møre og Romsdal Revisjon SA.

Kommunestyret i Aukra fatta vedtak i samsvar med innstillinga i møte 18.6.2019, sak 37/2019. I same møte vedtok også kommunestyret å etablere det nye revisjonsselskapet. Stiftingsmøte vart halde 23.8.2019.

9. Oppsummering

Med bakgrunn i mandat og det arbeidet som kontrollutvalet har gjort for Aukra kommune valperioden 2015-2019, er utvalet sine medlemmer av den oppfatning at kontrollutvalet har ei viktig rolle i ein lærande organisasjon i stadig utvikling.

Kontrollutvalet har i valperioden hatt viktige og spanande oppgåver der ein har belyst mange av kommunen sine tenesteområder. Utvalet opplever stort sett at det er god forståing for kontrollorganet si rolle og funksjon i kommunen, noko som er avgjerande for at utvalet skal kunne gjere ein god jobb. Kontrollutvalet har i valperioden fått laga nødvendige plandokument: Plan for selskaps-kontroll og plan for forvaltningsrevisjon, som er blitt rullert årleg. Plan for kontrollutvalet si verksemd i perioden 2016-2019, kom også på plass. Planverket er såleis på plass og gjennomføringa er gjort i medhald av målsettingane som er satt.

Målet om å vere uavhengig i sitt arbeid meiner kontrollutvalet at dei har ivaretatt. I utvalet sine møter er det kontroll og tilsynsperspektivet som styrer diskusjon og vedtak, mens partipolitiske omsyn vert lagt til side. Sakene som er handsama i utvalet ber ikkje preg av å

vere politiske omkampar eller ha partipolitiske agendaer. Utvalet har vore bevisst på problemstillingar knytt til sjølvstende og satt dette høgt i sitt arbeid.

Avslutningsvis vil kontrollutvalet takke kommunestyret og administrasjonen i Aukra kommune for eit godt samarbeid i valperioden, som har bidrege til konstruktivt samarbeid og gode resultat.

Kontrollutvalet vil med dette ønskje det påtroppande kontrollutvalet lykke til i den neste valperioden der nye interessante og krevjande oppgåver venter.

Aukra, 25.9.2019.

Oddvar Hoksnes
leiar

Ole Rakvåg
nestleiar

Oddbjørg Sporsheim
medlem

Håkon Inge Sporsheim
medlem

Wilhelm Andersen
medlem